



Kenneth Manger  
Mykingvegen 771 A  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/19384 - 20/82022

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
kjartan.nyhammer@alver.kommune.no

Dato:  
30.12.2020

## Løyve til bygging av landbruksveg på GBNR 29/3 m.fl. Hauge

**Administrativt vedtak: Saknr:**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune søkjar Kenneth Manger løyve til bygging av omsøkt veg på gbnr 29/2,3,7 og 9 Hauge på følgjande vilkår:**

- 1. Vegen vert bygd i tråd med søknaden.**
- 2. Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med vegen må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast.**
- 3. Det er innhenta løyve frå alle berørte grunneigarar**
- 4. Det er gjeve løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse frå Fylkesveg 5464 (tidl 397)**
- 5. At søkjar har ein plan for å hindre all ureining av Haugsvatnet i anleggsfasen.**
- 6. Når ny landbruksveg er ferdig skal byggherre varsle Alver kommune for sluttgodkjenning.**

### **Saka gjeld :**

Kenneth Manger søkte om løyve for bygging av den ca 800 meter landbruksvegen Haugsneset II i 2006. Søknad vart registrert av Lindås kommune den 9.juni 2020. Dåverande Lindås kommune sin saksbehandlar planlagte vegtraseen og saksbehandla søknad om tilskot til landbruksvegen. Det vart løyvd og utbetalt offentlege tilskot til den omsøkte vegen. Såleis har kommunen indirekte gjeve løyve til bygging av vegen. Men den formelle sakshandsaminga og løyvet i form av eit vedtak vart ikkje gjort. Dette vert no gjort.

Kommunen er kjent med at delar av vegen er bygd og tatt i bruk til omfattande tømmertransport, men vegen manglar sluttgodkjenning . Kommunen har den siste tida motteke

### **Alver kommune**

nye søknader frå berørte grunneigarar for bygging av landbruksvegar med anna veglinje enn den det vart søkt om i 2006. Det er nye søknader som vert handsama fortløpande.

### Situasjonsplan vedlagt søknad



### VURDERING:

#### Interesser i vegen

Det første kommunen skal ta stilling til ved søknad om bygging av landbruksveg er om det er overvekt av landbruksinteresser i vegen. Det kjem fram av søknaden at søkjar har vurdert vegen til å ha 50 % skobruksinteresser, 10 % jordbruksinteresser og 40 % bustadinteresser. I dokument i saka frå 2006 kjem det fram at kommunen har gjort denne vurderinga og konkludert med at det er overvekt av skog-/landbruksinteresser. Saka skal såleis vurderast etter i *Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier*.

#### Naturmangfaldslova

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området.

#### **Uttale frå Fylkeskommunen og Fylkesmannen**

Saka har vore på høyring hjå Hordaland fylkeskommune og hjå Fylkesmannen i Hordaland. Det er ikkje registrert at regionale og statlege mynde hadde merknader til bygginga av den omsøkte veggen. Såleis er det ikkje automatisk freda kulturminner i anleggsområdet.

#### **Uttale frå VA – avdelinga i tidlegare Lindås kommune**

I brev dagert 13.desember 2006 skriv VA – avdelinga v/ John Bauge at Haugsneset er drikkevasskjelde for Kløve vassverk som er kommunalt og som leverer drikkevatt til dei private vassverka Tveitegrend og Vangen-Jordal, i alt ca 180 abonnentar. Arbeidet i nedslagsfeltet til Haugsvatnet må difor utførast på ein skånsom måte so hindrar einkvar ureining av drikkevatnet. Elles vert det opplyst i brevet at VA – avdelinga kan vere interessert i å kjøpe seg inn i veggen mellom Hauge og vatnet. Dette for å enkla tilkomsten til vassverket.

#### **Regelverk**

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier  
Naturmangfaldslova  
Forvaltningslova  
Kulturminnelova  
Offentlegghetslova

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/19384»

Med helsing  
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kenneth Manger

Mykingvegen 5913  
771 A

EIKANGERVÅG